


FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅRDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1977-2010 var 313 laks (snittvekt 4,2 kg) og 189 sjøaurar (snittvekt 1,1 kg). Laksefangstane har variert mykje frå 1990-talet og utover, og fangsten i 2001 (780 laks) var den beste som er registrert. Fangstane i 2008 og 2009 var dårlege, og sjølv om det var ein klar auke att i 2010 (304 laks), er dette eit relativt svakt resultat i høve til dei fleste åra på 2000-talet. Sjøaurefangstane har gått nedover sidan tidleg på 1990-talet, og i 2010 vart det ikkje registrert fangst av sjøaure. Utviklinga av både laks- og sjøaurefangstane dei siste 10 åra er mykje den same i som i resten av fylket, og viser at situasjonen ikkje er særeigen for Årdalselva (**figur 1**, linjer).



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Årdalselva i perioden 1979-2010 (søyler). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland utanom Årdalselva.

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

I 2010 mottok me prøvar av 196 laks, ingen sjøaurar. Mellom laksane var det 16 rømte oppdrettslaks, ein andel på 8,2 %. Av dei 180 villaksane i materialet var 163 naturleg rekruttert, 17 var utsett frå klekkeri. Gjennomsnittleg smoltlengd var 11,5 cm for dei naturleg rekrutterte laksane, 18 cm for dei utsette. Mellom villaksane var 90 smålaks, 70 mellomlaks, og 20 storlaks.

År	Antal skjelprøvar av laks (% av fangst)	Oppdrettslaks antal og (%)	Antal skjelprøvar av sjøaure (% av fangst)
2009	135 (70 %)	7 (5,2 %)	9 (5 %)
2010	196 (71 %)	16 (8,2 %)	0

Etter at laksen som gjekk ut or elvane på Vestlandet i 2004 hadde god overleving og vekst, har det vore dårlegare overleving og vekst for dei siste smoltårgangane. I mange elvar viser det seg at ein del av smålaksen (<3 kg) er to-sjøvinterlaks, som normalt skal vera mellomlaks (3-7 kg), og ein del mellomlaks er 3-sjøvinterlaks (normalt >7 kg). I 2009 var 41 % av smålaksane 2-sjøvinterlaks, medan 65 % av mellomlaksane var 3-sjøvinterlaks eller eldre. I 2010 18 % av smålaksane 2-sjøvinterlaks, medan 49 % av mellomlaksane var 3-sjøvinterlaks eller eldre.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no